

# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 13.05.2009

Vår ref.: 2009/391 - 9522/2009

Ark.kode: 022.3

---

**Til:** Eldrerådet

**Frå:** Kristin Nilsen, Servicetorg/fellestenesta

---

## Referat frå eldrerådsmøte 12.05.09

---

Møtestad: Fjell rådhus tid: 11:00 – 14:00

Til stades: Solveig Bjørdal, Johanne Ågotnes, Sara Einarsen, Einar Lotsberg og Åslaug Sherling.

Ikkje tilstades: Olav Knappskog og Edith Sønnervig

Ekstra inviterte: Helsesjefen Terje Handal

### Sak 14/09 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Rettingar til referat frå eldrerådsmøte 23.03.09

Sak 12/09

Markering av eldredagen 01. oktober

Avklar med kommunen at alle kostnader med eldredagen skal betalas av Fjell kommune. I referatet står det at kommunen vil vera med å gje eit bidrag til eldredagen.

### Sak 15/09 Skriv og meldingar

Orienteringar:

Norsk Pensjonistforbund – Tilsynsrettleiar for politiske tilsynsutval på sjukeheim og andre institusjonar. Bør vi få til eit tilsynsutval i Fjell kommune? Ein sak for eldrerådet?

Statens seniorråd – Eldre og bustad

NBBL arrangerar konferanse 19. mai

Dig Plan as – melding om nytt offentleg ettersyn, gnr. 50/79 m.fl.  
Bergen kirkelige fellesråd – Kunngjering om oppstart planarbeid.  
Plan og utbyggingsjefen – Melding om nytt offentleg ettersyn gnr.57/2.  
Straume rådgiving as – Varsel om oppstart av privat planarbeid  
gnr. 3/96 m. fl.

## **Sak 16/09**

### **Omvisning og orientering om det nye terapibassenget på Straume**

Møte starta med omvisning og orientering om det nye terapibygget på Straume v/ helsesjef Terje Handal og leiar for ergo-og fysioterapitenesta Liv Møen. Terapibygget er eit topp moderne anlegg med basseng, lokale for ergo – og fysioterapi, treningsfaselitetar, hjelpemidlar m.v. Bygget vil vera i bruk tidleg og seint. Her vil barn, unge og eldre med særskilde behov, fysisk som psykisk, få hjelp på dagtid. På ettermiddag vil det verta lagt til rette for andre brukargrupper.

Bjarne Håkon Hansen vil stå for den offisielle opninga den 26. juni. Helsesjefen kunne også fortelje oss at det i desse dagar er klart eit skisseprosjekt til eit nytt distriktpsykiatrisk senter som vert lokalisert tvers over vegen for terapibassenget. Senteret vil stå ferdig våren 2011.

## **Sak 17/09**

### **Ymse**

17. mai arrangementet på Straume bu og servicesenter:  
Underskuddsgaranti for enkeltstående arrangement er fjerna.  
Alternativet er å søka om andre tilskot. Her kan ein t.d. søke om tilskot til større enkeltstående arrangement innan idrett, kultur og friluftsliv.  
Søknadsfrist: Heile året.

Spørsmål om ein representant frå eldrerådet kan møta i komite for drift? Eldrerådet ventar på ein tilbakemelding frå leiar i komite for drift. Sekretær i eldrerådet følgjer opp dette spørsmålet.

Vilkår for heimebaserte tenester – omsorg. Sekretær tar med referat frå møte i KD 12. mai i neste eldrerådsmøte.

Ein representant frå eldrerådet kom med innspel til utarbeiding av ein standard brosjyre om Fjell eldreråd. Kva er Fjell eldreråd, kven er medlem og kva driv vi med. Denne kan leggjast ut i kundetorget, biblioteket, seniorsenteret m.v.

Neste eldrerådsmøte er 17. juni frå kl 10:30 - 13:30.

Postadresse:  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Besøksadresse:  
Rådhuset

Telefon: 56 32 64 00  
Telefaks: 56 32 65 00  
[www.fjell.kommune.no](http://www.fjell.kommune.no)

Bankkonto:  
Bankkonto for skatt og avgift:

6516 05 05200  
6345 06 12466